

Avtale
mellom
Sogn og Fjordane fylkeskommune
og
Fjaler kommune

**om finansiering av midlar til planlegging av vegparsellen fv. 57 Dale –
Storehaug med bru over Svesundet**

1. Grunnlaget for avtalen

Denne avtalen er utarbeidd på grunnlag av vedtak i fylkestinget 9. desember 2014 i FT-sak 49/14 og 8. desember 2015 i FT-sak XX/15.

2. Formålet med avtalen

Denne avtalen skal sikre finansiering av midlar til planlegging av vegparsellen fv. 57 Dale – Storehaug med bru over Svesundet.

3. Ansvarsforhold

Fjaler kommune står som ansvarleg for prosjektet og fører rekneskap for det samla planleggingsprosjektet. Prosjektet skal utførast i samarbeid med Gaular kommune.

4. Finansiering

Planleggingskostnadane på inntil 3,5 mill. kr skal forskotterast av kommunane Gaular og Fjaler.

5. Refusjon

Sogn og Fjordane fylkeskommune skal refundere utgifter ekskl. mva. ut frå dokumentert forbruk med inntil 1 mill. kr i 2020 og inntil 1 mill. kr i 2021.

Utgifter ekskl. mva. på inntil 1,5 mill. kr skal refunderast ved oppstart av første delprosjekt på strekninga. Dersom prosjekt ikkje er starta opp innan 2025 vil forskotteringa ikkje bli tilbakebetalt.

Forskotteringssummen skal refunderast utan kompensasjon for prisstigning og renter på ev. lån.

Refusjonen vil bli utbetalt til Fjaler kommune.

Denne avtalen ligg føre i to underskrivne eksemplar, eitt hos kvar av partane.

_____, den _____

_____, den _____

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Fjaler kommune